

Årsplan

Holmefjord Barnehage

2017



Godkjent i SU 23.01.17

INNHALDSLISTE:

Del 1 : FELLES DEL FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE

Årsplan	S. 3
Visjon + verdigrunnlag	S. 4
Mål for barnehagane i Fusa 2017	S. 5
Ny rammeplan skal etter planen tre i kraft frå 01.08.17.	S. 6
Pedagogisk grunnsyn	S. 6
Danning gjennom omsorg, leik, læring	S. 7
Barn si medverknad	S. 9
Foreldresamarbeid	S. 10
Samarbeid med andre instansar	S. 11
Samarbeid barnehage og skule	S. 12
Planlegging, dokumentasjon og vurdering	S. 13
Fagområda	S. 15

Del 2: BARNEHAGANE SINE EIGNE PLANAR

Holmefjord barnehage	s.17
Dagsrytmen	s.18
Aktivitestar og høgdepunkt i 2017	s.19
Sosial kompetanse – progresjon	s.20
Progresjonsplan for kommunikasjon, språk og tekst	s.21
Progresjonsplan for kropp, bevegelse og helse	s.22
Progresjonsplan for kunst, kultur og kreativitet	s.23
Progresjonsplan for natur, miljø og teknikk	s.24
Progresjonsplan for etikk, religion og filosofi	s.25
Progresjonsplan for tal, rom og form	s.26
Sosial kompetanse gjennom leik	s.27
Språkutvikling	s.28

ÅRSPLAN 2017



Velkomen til eit nytt år.

Du sit no med ein årsplan som gjeld for barnehagane: Strandvik, Trollskogen, Jettegryto, Holdhus, Søre Fusa og Holmefjord. Dette er ein overordna plan for barnehagane i Fusa. Dei ulike barnehagane vel sjølve tema og korleis dei tek føre seg innhaldet i årsplanen. Kvar enkelt barnehage har fokus på det som er viktig hos dei, samstundes som alle barnehagane dreg i same retning. Kvalitet står i høgsete.

Barnehagane er aldersblanda med barn i alderen 0-6 år. Dei største barnehagane er organisert med eigen avdeling for dei yngste.

Barnehagane vert styrt av barnehagelova og rammeplanen.

§1 «Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdier som kjem til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.»

§2 «Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet:
Departementet fastsetter en rammeplan for barnehagen.
Rammeplanen skal gi retninglinjer for barnehagens innhold og oppgaver.
Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold.
Samarbeidsutvalget for hver barnehage skal fastsette en årsplan for den Pedagogiske virksomheten»



Visjonen for oppvekst i Fusa kommune er:
Midt i blinken
Rom for alle – blick for den enkelte.

VERDIGRUNNLAGET ROMSLEG – PERSONALET SIN ROLLE:

<p>Respekt Omsorg Mot Samarbeid Løysingsorientert Engasjement Godt humør</p>	<p>ROMSLEG - " Med omsorg, tillit og respekt finn me løysingar og har det kjekt"</p> <p>Fusa kommune sine verdiar ligg i botn for alt arbeidet i barnehagen i forholdet til barn, foreldre og i personalsamarbeidet.</p> <p>Personalet er barnehagen sin viktigaste ressurs i arbeidet med omsorg, oppseding, leik, læring og danning.</p> <p>Personalet viser respekt for kvart einskild barn. Vår evne til å sjå, lytte og tolke er avgjerande for at barnet blir møtt med god omsorg.</p> <p>Personalet er rollemodell gjennom å støtte, anerkjenne og rettleie barna.</p> <p>Personalet gjev kvart barn utfordringar som er tilpassa alder og modning.</p> <p>Vi ser og høyrer kvarandre i eit utfordrande og inkluderande miljø</p>
--	---






MÅL FOR BARNEHAGANE I FUSA 2017

1. Fusa kommune skal vera ein ny tenkjande og lærande organisasjon

- Vi jobbar kunnskapsbasert og nyttar ny rammeplan i det pedagogiske arbeidet.
- Vi nyttar pedagogisk dokumentasjon for å reflektera over tilrettelegging av læringsmiljøet og barnets utvikling. Vi har god praksis for refleksjon.
- Vi har lærande møter på alle interne møteplassar.

2. Fusa kommune skal vera ein attraktiv arbeidsplass.

- Vi har HMT dag for leiarar og tillisvalte med fouks på omdømmebygging.
- Vi har fokus på det psykososiale miljøet for alle i barnehagen.



3. Fusa kommune skal levera treffsikre tenester med god kvalitet og effektiv ressursbruk.

- Vi er lærande medarbeidarar som tileigner oss den kunnskapen vi treng for å utvikla barna sin sosiale kompetanse gjennom leik.
- Alle barn har forventa progresjon i si språkutvikling, og vi nyttar PULS i arbeidet.



Ny rammeplan skal etter planen tre i kraft frå 01.08.17.

Den nye rammeplanen byggjer vidare på det beste i norsk barnehagetradisjon der leiken har ein heilt sentral plass. Rammeplanen er blitt kortare og meir konsis i forma, og den er tydelegare på kva barnehagetilsette skal gjere for at barna skal trivast og utvikla seg.

Ny rammeplan er tydelegare på fyljande punkter:

- Barnehagen sine forplikingar vert tydelegare. Det vert lettare for foreldra å vite kva dei kan krevje.
- For første gong er det laga ein eigen del om tilvenningsfasen, då andelen barn under to år har auka.
- Barnehagen skal i større grad fremje minoritetsbarna sin norskspråklege kompetanse og bruke mangfald som ressurs.
- Rammeplanen er tydeleg på at barnehagen skal forebyggje og stoppe mobbing og krenkelse.
- Helseperspektivet er styrka. Barnehagane skal bidra til å gje barna sunne matvanar.
- Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn vert involvert i språkstimulerande aktivitetar, også dei yngste barna. Barn som slit med språk skal fangast opp.
- Overgang til skule vert meir konkretisert.

I 2017 skal alle tilsette i barnehagane jobba med den nye rammeplanen i nettverk. Dette arbeidet vert synleg i årsplan for 2018.

Pedagogisk grunnsyn

I Fusa kommune sine barnehagar skal barna få livserfaring, og trening i sosial kompetanse innanfor trygge rammar. Dei vaksne skal vera ei trygg hamn som barna kan søke til når dei treng det.

Kvart barn er unikt og blir møtt med respekt, omsorg og likeverd. Barnet får oppmuntring til å vera utforskande. Dette gjenspeglar seg i møte med kvart barn i kvardagen, i leik, moro, rutinar, reglar og grensesetting.

Barnehagane i Fusa legg særskilt vekt på arbeidet med relasjonsbygging. Dette vert jobba med systematisk i alle personalgruppene gjennom fagleg rettleiing i nettverk. Ein god relasjon er grunnlaget for all sosial utvikling både for barn og vaksne.

Me vil:

- Vise glede for barnet
- Sjå barnet sitt initiativ



- Invitere barnet til samtale
- Vere lyttande
- Gje anerkjenning

Samspel mellom personal og barn er det viktigaste utgangspunkt for kvalitet!

Danning gjennom omsorg, leik og læring

Danning er ein livslang prosess som mellom anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Danning skjer i samspel med omgjevnadane og med andre, og er ein føresetnad for meiningsdanning, kritikk og demokrati.

Gjennom gode dannelsingsprosessar blir barn i stand til å handtere livet ved at dei utviklar evna til å være prøvande og nysgjerrige på omverda og til å sjå seg sjølv som ein verdifull medlem av eit større fellesskap. Barn må få utfordringar, sjansen til å utvikle kunnskapar og ferdigheiter og få støtte for å handle omsorgsfullt og gjere etisk grunngitte val. Gjennom danning legg ein grunnlaget for allsidig utvikling (rammeplan for barnehager s. 15).

Dette gjer me gjennom å ha eit bevisst forhold til og klare mål for områda: **omsorg, sosial kompetanse, leik og læring.**

Område	Mål	Tiltak
Omsorg	<ul style="list-style-type: none">• alle barn skal oppleve ein trygg barnehagekvardag• alle barn skal møtast i tråd med deira behov og muligheiter	<ul style="list-style-type: none">• observasjon• gode relasjonar• gode rollemodellar

Barn har rett til omsorg og skal møtast med omsorg. Ein omsorgsfull relasjon er prega av vilje til å lytte, nærleik, innleving og evne og vilje til samspel. Omsorg skal prege alle situasjonane i kvardagslivet og komme til uttrykk når barna leikar og lærer, i stell, måltid og påkledning. Det ligg mykje omsorg i å gi barn varierte utfordringar og rom for meningsfylte aktivitetar. Omsorg i barnehagen handlar både om relasjonen mellom personale og barna og om omsorga barna viser kvarandre. Å gi barn sjansen til å gi og ta imot omsorg for kvarandre er grunnlaget for å utvikle sosial kompetanse, og eit viktig bidrag i eit livslangt læringsperspektiv.

Område	Mål	Tiltak
Sosial kompetanse	Barna skal øve opp evna til å : <ul style="list-style-type: none">• vise omsorg• lytte til kvarandre• samarbeide og løyse usemje• barna skal bli trygge på seg sjølv og få eit positivt sjølvbilette	<ul style="list-style-type: none">• fokus på korleis me kommuniserer med barna• bruke kvardagen til å øve: vente på tur, trøste, vise omsyn osv.• vere gode rollemodellar i alt me gjer og seier

Sosial kompetanse handlar om å lukkast i å omgås andre barn og vaksne. Denne kompetansen er grunnleggjande for å kunne fungere godt i samfunnet, ha positive sosiale relasjonar til andre menneske og evne til å fylgje reglar og normer for akseptabel åtferd.

Område	Mål	Tiltak
Leik	<ul style="list-style-type: none"> • alle barn skal oppleve glede av å vere i leik • barnehagen skal ha eit variert leike- og aktivitetstilbod 	<ul style="list-style-type: none"> • bruke det fysiske miljøet til å skape gode og varierte arenaer for leik • barna sine interesser skal ligge til grunn for tilgjengeleg leikemateriell • aktive og tilgjengelege vaksne som støttar, hjelper og stimulerer

Leiken har ein sentral plass i barnehagen. Leiken fremjar barna si utvikling på alle område: intellektuelt, språkleg, fysisk, sosialt, og emosjonelt. I leiken utviklar og styrkjer barna identiteten og sjølvkjensla. Leik gjev barn glede, men kan og vere ein problemløysar for dei. Å delta i leiken og få venner er grunnlaget for at barn trivst og opplever barnehagen som noko meningsfullt.

Område	Mål	Tiltak
Læring	<ul style="list-style-type: none"> • barna skal oppleve glede av å lære og meistre • personalet skal sjå kvart enkelt barn sine interesser og utviklingsmuligheter 	<ul style="list-style-type: none"> • progresjonsplanane for alle fagområda vert nytta • personalet lager temaplanar for å sikre at alle fagområda vert tekne opp • personalet undrar seg saman med barna gjennom strukturerte og ustrukturerte aktivitetar

Barn er nysgjerrige, kunnskapstørste og lærelystne. Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske og miljøet, og heng nært saman med leik, omsorg og danning. Barn lærer gjennom alt dei opplever og erfarer på alle område. Når barn undrar seg over noko, må dei møtast på ein utfordrande og utforskande måte. Interessene og spørsmåla til barna skal danne grunnlaget for læringsprosessar og tema i barnehagen.



BARN SI MEDVERKNAD

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barns synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet".

(Barnehageloven § 3 Barns rett til medvirkning)

Barna si rett til medverknad

Barnehagebarn er kompetente til å skape kunnskap og mening i eige liv. Det handlar om å verte anerkjent som menneske. Barn har rett til å uttrykkje seg og påverke alle sider av livet i barnehagen. Kor omfattande medverknaden er, og korleis medverknaden blir praktisert, er avhengig av alder og funksjonsnivå. Førsetnaden for å ta barn si medverknad på alvor er god kommunikasjon.

Område	Mål	Tiltak
medverknad	<ul style="list-style-type: none">• barna skal oppleve at dei har påverknad på det som skjer i barnehagen• barna skal oppleve at dei får seie si mening• barna skal oppleve at dei får ta eigne val	<ul style="list-style-type: none">• personalet skal ta barna med på planlegging av saker og aktivitetar• personalet skal observere barna, lytte og tolke deira ulike uttrykk• personalet skal la barna ta eigne val t.d i aktivitetar.



FORELDRESAMARBEID

Foreldra sin medverknad er nedfelt i barnehagelova. Foreldra skal ha høve til påverknad gjennom samarbeidsutval, foreldremøte og foreldresamtalar. Oppseding er foreldra sitt ansvar i følgje barnekonvensjonen og barnehagelova. Barnehagen skal vere eit supplement til heimen.

Område	Mål	Tiltak
foreldresamarbeid	<ul style="list-style-type: none">• foreldra skal vere trygge på at barnet har det trygt og godt i barnehagen• personalet skal ha ein god og open kommunikasjon med foreldra• foreldra skal ha medverknad på barnehagetida til eige barn• foreldregruppa skal ha påverknad på barnehageverksemda.• personalet sine forventningar til barn og foreldra skal vere kjende for foreldra	<ul style="list-style-type: none">• open dialog med foreldra basert på barnets beste• personalet fortel korleis barnet har hatt det i barnehagen, lytter til foreldra sine meiningar og innspel• gje tilbod om to individuelle foreldresamtaler i året – fleire ved behov• foreldremøte med informasjon om barnehagen og høve til diskusjonar og innspel• ulike arrangement for foreldra i barnehagen• brukarundersøking• jamlege møte i SU og FAU• sende ut planar og informasjonsskriv til foreldra

Alle barnehagar skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU).

I foreldrerådet sit alle foreldre/føresette i barnehagen. Dei skal fremje felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø. Kvar haust blir det valt foreldrepresentantar (FAU) som er kontaktpersonar for foreldrerådet. FAU kallar inn til foreldrerådsmøte etter ønskje frå foreldre eller når foreldre har meldt inn saker som bør diskuteras i foreldrerådet.

I samarbeidsutvalet sit foreldre/føresette, tilsette i barnehagen og representant for eigar, slik at kvar gruppe er likt representert. Styrar/ rektor er sekretær. Samarbeidsutvalet skal ha høve til å uttale seg om saker som har vesentleg betydning for barnehagedrifta, t.d. vedtekter, opningstider, barnehage- og skulerute mm. Samarbeidsutvalet fastset barnehagen sin årsplan. Foreldrerådet vel 1 -2 representantar til samarbeidsutvalet og 1 – 2 vararepresentantar. Dette vil avhenge av storleiken til kvar barnehage. Personalet og eigar vel tilsvarende representanter for seg.

Samarbeid med andre instansar

For at barna og foreldra skal få eit mest mogleg heilskapleg tilbod til beste for utviklinga til barna, samarbeider barnehagen med andre tenester og institusjonar i kommunen. Både foreldra og barnehagen kan ha behov for å samarbeide med ulike hjelpeinstansar. Ved samarbeid følgjer dei tilsette føresegnene om teie- og opplysningsplikt i barnehagelova og anna regelverk.

Tverrfagleg team:

Målet for det tverrfaglege teamet er å bidra til at barn som av ulike grunnar treng ekstra stimulering og omsorg får god og tidleg hjelp.

Tverrfagleg team er ein arena for barnehage og skule til å drøfte problemstillingar og søkje råd hjå Helse, familie og velferd (HFV). Representant frå Helsestasjonen, Barnevernstenesta, Pedagogisk Psykologisk- teneste (PPT) og fysioterapeut er representert her. Møtet føregår på HFV i Eikelandssosen. Foreldre/føresette er velkomen til å vera med skulen/barnehagen på møtet om dei ynskjer dette. Dersom foreldra ikkje deltek må det føreligge skriftleg samtykke til deling av informasjon. Alle medlemmane i det tverrfaglege teamet er underlagt teieplikt.

Barnevernstenesta:

Barnevernstenesta er ein viktig samarbeidspartnar for barnehagen kring einskilde familiar som er i ei vanskeleg situasjon. Barnevernstenesta gir råd og rettleiing til barnehagetilsette innan ulike tema. Gjennom den daglege kontakten med barn er dei tilsette i barnehagane i ein sentral posisjon til å observere og ta imot informasjon om omsorgs- og livssituasjonen til barna. Alle tilsette i barnehage og skule har opplysningsplikt til barnevernet etter §22 i barnevernslova når det er mistanke om omsorgssvikt for eit barn.

Helsestasjonen

Helsestasjonen har ansvar for å drive generelt førebyggjande og helsefremjande arbeid for å tryggje oppvekstvilkåra til barna i kommunen.

Helsestasjonen skal bidra med råd og rettleiing i samband med lækjemiddelhandtering i barnehagar og om smittevern. Vidare er helsestasjonen sentral når det gjeld å kartleggje den motoriske og språklege utviklinga til småbarn.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT):

Den pedagogisk-psykologiske tenesta er sakkunnig instans ved tilråding om spesialpedagogisk hjelp.

Dersom barnehagen ønskjer hjelp til einskildbarn i barnehagen, må foreldra samtykkje til det.

Foreldra skal trekkjast aktivt med i samarbeidet med PPT.

Foreldra kan også sjølv ta kontakt med PPT på eige initiativ.

Andre samarbeidspartnarar:

Barnehagen samarbeider med lokalsamfunnet for å gi barna varierte opplevingar og tilknytning til nærmiljøet. Eit godt samspel mellom barnehagen og skulen, kulturlivet, institusjonar, frivillige organisasjonar og kyrkjelydar kan gjere både barnehagen og lokalmiljøet rikare og bidra til å gi barnehagen lokal forankring.

SAMARBEID BARNEHAGE OG SKULE

Barnehagen skal, i samarbeid med skulen, leggje til rette for overgangen frå barnehage til første klasse og eventuelt skulefritidsordning. Det skal skje i nært samarbeid med heimen. Barnehagane og skulen er begge institusjonar for omsorg, leik, læring og danning. Barna kjem til å møte både likskapar og ulikskapar mellom institusjonane. Det må leggjast til rette for at barna kan ta avskjed med barnehagen på ein god måte, gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. (Rammepleanen s. 59)

Område	Mål	Tiltak
Samarbeid barnehage og skule	<ul style="list-style-type: none">• barna skal bli trygge på skulen slik at dei kjenner glede og forventning• barna skal bli litt kjende med andre elevar og lærarar• barna skal bli kjende med skulebygningen og uteområdet• barna skal få eit lite innblikk i det å gå på skule	<ul style="list-style-type: none">• eigen plan for møtepunkt mellom barnehage og skule• overføringsamtale• PULS• skulen får informasjon om barn med særskilde behov



Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast, dokumenterast og vurderast. Den enkelte barnehage står fritt til å velje metodar og omfang utifrå lokale føresetnader og behov. Gjennomføringa av planane må vere så fleksible at det er rom for spontanitet og medverknad frå barna. Styraren og den pedagogiske leiaren har ansvar for at måla og rammene til barnehagen er klarlade for personalet. for at der blir utvikla er felles forståing for måla blant medarbeidarane, og for at foreldra får god og nok informasjon om barnehageverksemda. Det bør leggjast til rette for brei medverknad frå barna, foreldra, barnehagepersonalet og eigaren når ein planlegg, dokumenterer og vurderer den pedagogiske verksemda. (rammeplanen s. 53)

Planlegging:

God planlegging kan bidra til gjennomtenkt og fornuftig bruk av dei

menneskelege og materielle ressursane i barnehagen, nærmiljøet og naturområda.

Planlegginga av organisering, innhald og prosessar i barnehagane byggjer på måla i årsplanen og underliggjande dokument (Lov om bhg, rammeplan, kommunedelplan m.fl).

Planlegginga er basert på kunnskap om korleis barn utviklar seg og lærer, på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre.

Dokumentasjon:

Dokumentasjon på barnehagen sitt arbeid er viktig for å kunne vidareutvikle arbeidet og sikre kvalitet i tilbodet. Dokumentasjon skal vere eit middel for å få fram ulike oppfatningar, og opne for ein kritisk og reflekterande praksis.

Læringa til barna og arbeidet til personalet skal gjerast synleg som grunnlag for refleksjon.

Dokumentasjon kan vere ulike planer og sjekklister for gjennomførte aktiviteter gjennom året, og evaluering av desse. All dokumentasjon i barnehagen er til internt bruk og er ikkje tilgjengeleg for andre utan samtykke frå dei dokumentasjonen omhandlar.



Vurdering:

Styrar har eit overordna ansvar for at den pedagogiske verksemda blir vurdert på ein planlagd, systematisk og open måte. Styraren må sørge for at vurderinga skjer i forståing med foreldra og personalgruppa. (rammeplanen s. 56)

Personalet vurderer arbeidet i barnehagen fortløpande gjennom året og bruker ulike verktøy for å måle trivnad og utvikling hos det einkilde barn. Evaluering av aktivitetar etter avslutta temaperiode, og kartlegging med ALLE MED skjema er ein del av vurderingsarbeidet i barnehagen.

Døme på vurdering:

Kva	Når	Korleis	Kvifor	Oppbevaring /arkivering	Knytt til rammeplan/lovverk
Den daglege samtalen	Kvar dag	Personalet tek seg tid til å snakke med foreldra når barna kjem og når dei blir henta	Utveksla relevant informasjon om korleis dagen har gått		Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadene for utviklinga og læringa til barna. Erfaringane og synspunkta til barna skal inngå i vurderingsgrunnlaget <i>(Rammeplanen)</i>
Foreldre samtaler	To gonger i året Haust og vår	Foreldra får tilbod om to foreldresamtaler pr barnehage år -(fleire ved behov) Me nyttar Alle med observasjonsskjema (Tras og Askeladden ved forseinka språkutvikling)	Utveksle informasjon om barnet, for å skape trivsel og utvikling.	I borna sine mapper i arkivet Blir brukt i foreldresamtalar	Foreldremøte og foreldresamtalar to gonger i året. <i>(Serviceerklæring for barnehagane i Fusa)</i> Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for trivselen og utviklinga til barna. Foreldra har rett til å sjå dokumentasjon om barna sine <i>(Rammeplanen)</i>

FAGOMRÅDA

Fagområda i barnehagen dekkjer eit vidt læringsfelt. Fleire område er ofte representert samtidig i eit temaopplegg og i samband med kvardagsaktivitetar og turar i nærmiljøet. I sosialt samspel, i leik og kvardagsaktivitetar skjer det ofte ein spontan kommunikasjon knytt til fagområda. At barn får rike opplevingar og del i kunnskapar på mange område, er òg ein føresetnad for at det skal bli god leik og eit godt samspel med barna.

Her kjem ei kort oversikt henta frå rammeplanen:

FAGOMRÅDA	
Kommunikasjon, språk og tekst	”Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet. Å samtale om opplevingar, tankar og kjensler er nødvendig for å utvikle eit rikt språk. Tekst omfattar både skriftlege og munnlege forteljingar, poesi, dikt, rim, regler og songar. Viktige sider ved kulturoverføringa er knytte til kommunikasjon, språk og tekst”.
Kropp, rørsle og helse	I småbarnsalderen tileignar barna seg grunnleggjande motorisk dugleik, kroppskontroll, fysiske eigenskapar, vanar og innsikt i korleis dei kan ta vare på helse og livskvalitet. Barne er kroppsleg aktive, og dei uttrykkjer seg mykje gjennom kroppen. Når barn kontaktar andre barn, startar dei ofte med kroppslege signal og aktivitetar. Dette er viktig for utvikling av god sosial kompetanse.
Kunst, kultur og kreativitet	Barnehagen må gje barn høve til å oppleve kunst, kultur og til sjølve å uttrykke seg estetisk. Å vere saman om kulturelle opplevingar og gjere eller skape noko felles, bidreg til samhald. Barn skaper sin eigen kultur ut frå egne opplevingar. Gjennom rike erfaringar med kunst, kultur og estetikk får barn mange høve til sansing, oppleving, eksperimentering, skapande verksemd, tenking og kommunikasjon. Desse fagområda er mellom anna: kunsthandverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur og film.
Natur, miljø og teknikk	Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og til all slags vêr. Fagområdet skal bidra til at barna blir kjende med og får forståing for plantar og dyr, landskap, årstider og vêr. Det er eit mål at barna skal få ei gryande forståing av kor viktig ei berekraftig utvikling er. I dette inngår kjærleik til naturen og forståing for samspelet i naturen og mellom mennesket og naturen.

Etikk, religion og filosofi	Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten vi oppfatar verda og menneska på, og pregar verdiar og haldningar. I fleire hundre år har kristen tru og tradisjon saman med humanistiske verdiar prega norsk kultur. Respekt for menneskeverd og natur, åndsfridom og nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet er verdiar som kjem til uttrykk i mange religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.
Nærmiljø og samfunn	Det at barn får påverke det indre liv i barnehagen, kan vere det første steget for å få innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Barnehagen skal bidra til at barna møter verda utanfor familien med tillit og undring. Barna skal få utforske og oppdage nærmiljøet sitt.
Tal, rom og form	Barn er opptekne av tal og teljing, dei utforskar rom og form, argumenterer og er på jakt etter samanhengar. Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna matematisk kompetanse. Barnehagen har eit ansvar for å oppmuntre utforskinga og leggje til rette for tidleg og god stimulering.



HOLMEFJORD BARNEHAGE

Barnehagen er i nye barnehagelokale ved Nore Fusa skule. Barnehage og skule er to ulike einiga. Einingsleiaren vår heiter Irene Kvåle Foer.

Barnehagen er byggt for ca 60 plassar. I dag «låner» skulen noko lokale hos oss, barnehagen disponerer no 42 plassar.

Barnehagen ligg ved skulen, kort veg til fotballbane og ballbinge. Barnehagen har eigen uteleikeplass, kort veg til sjø og skog.

Me har aldersdelte grupper tre dagar i veka no, dei andre to dagane har me stasjonsleik - der barna tek eigne val på kva dei ynskjer å gjera. Barnehagen praktiserer teikn til tale.

Barnehagen har sett opp ei oversikt over mål i oppvekstplanen for Fusa kommune og mål for Eining barnehage. Under «slik gjer me det» prøver me å konkretisera kva me gjer i vår barnehage. Me har og lagt ved progresjonsplanane for dei ulike fagområda.

I 2014 vart det utarbeida ny plan for utvikling av lesing og språk (PULS). Planen gjeld frå barnehagestart til ut ungdomskulen. Formålet med PULS er å samla opplæringa i språk og lesing rundt eit felles opplegg. Personalet har hatt opplæring rundt dette, og alle har fått ut planen med gode idear til aktiv bruk.

Sosial kompetanse ser me på som svært viktig - kanskje noko av det viktigaste me arbeider med. Gode relasjonar er viktig, både i barnegruppa, i personalgruppa og i samarbeidet heim/barnehage. For å unngå mobbing må personalet vera vakne og observant. Det er utarbeida handlingsplan mot mobbing. Denne gjeld alle barnehagane, og er ein viktig og god hjelp for oss.

I MÅL FOR 2017 - 2020 OG 2017

Her står det;» Eining barnehage og eining undervisning har felles plan for overgangar.» derfor må barnehage og skule arbeide ut ein plan for å gjera desse overgangane best mogeleg for barna.

Det vil bli sendt ut månadsplan som fortel kva aktivitet og tema som skal vera oppe hos oss. Me har gjort oss kjent i og rundt barnehagen, men me har enda område både inne og ute til utforsking. De vil og få vita kven som skal ha ansvar for dei ulike aktivitetane her. Planar vil bli sendt heim via mail.

DAGSRYTMEN

- Kl. 07.00 Barnehagen opnar for dei som har utvida opningstid
Kl. 07.30 Barnehagen opnar for alle
Frileik
Kl.08.30 Frukost for dei som har dette med.
Kl.09.00 Frukost - slutt
Kl.09.00 Samlingsstund
Kl.09.30 Aldersdelte grupper/5 års klubb./ stasjonsleik - er i gang
Kl. 11.30 Lunsj - smøremåltid - middag
Kl.12.30 Uteleik,
Kviletid for dei som treng det
Kl.14.30 Fruktstund
Kl.15.00 Leik ute evt inne
Kl.16.30 Barnehagen stengt - personalet låser.



AKTIVITETAR OG HØGDEPUNKT I 2017**TEMA: NÆRMILJØ - DYR OG HAGE**

Månad	Aktivitet	Høgdepunkt
Januar	Tema; Kor er dyra om vinteren ?	
Februar	Tema ; Eventyr/sangar Tema på Karneval; Hakkebakkeskogen	Fastelaven Foreldresamtalar nye barn KARNEVAL
Mars	Tema; Vår - fugla - så frø	Foreldresamtalar
April	Tema; Vår, lamming - så og lage til «hage» i barnehagen	Påskeunsj på skulen Påskefrukost m/ foreldre
Mai	Tema ; Kor er dyra om våren? Insekter og kryp	Setja poteter Dugnad
Juni	Tema; Sommar, dyra ute. Slåtten	Sommaravslutning 5 årskl har avsl.tur
Juli	Sommar og ferietid	4v stengt Sommarferie
August	Tilvenning nye born Bli kjent- både m/ born og personale. Tema;kryp/insekter i barnehagen	5- årskl startar opp i v. 33
September	Tema; dyra på gården	Ta opp poteter m/ dei som er blitt 1.kl - middag i lag
Oktober	Tema; Skogens dyr	Foreldresamtaler - nye born Sydendag
November	Tema; Kor er dyra no?	Foreldresamtaler
Desember	Tema; Vinter Jul- juleaktivitet Advent	Adventstund Nissefest

Sosial kompetanse - progresjon

1-2-åringen:

Deltek i titt-tei –leik

Viser ulike kjensler t.d. glad, sint, lei seg

Viser interesse for andre barn og vaksne

Viser glede ved å vera med andre barn

Vil trøyster når ein annan er lei seg

Imiterer leik og leiker ved sida av andre barn

Gjer krav på leker som er sine

3-4 –åringen:

Meistrar tur-taking

Trøyster når nokon er lei seg

Tek kontakt med andre barn

Kan sette ord på kjensler

Kan leike saman med andre over tid

Kan gje og ta i ein leik

Begynnande venskap

Tek kontakt med andre ved bruk av språket

Prøver ut nye ting

5-6-åringen:

Kan vise kjensler som sinne og frustrasjon utan at det går ut over andre

Viser glede i leik med andre barn

Tåler å tape i spel

Tek initiativ til leik og samspel og er ein positiv faktor i gruppa

Kan hjelpe andre

Kan få og ta litt ansvar

Progresjonsplan for kommunikasjon, språk og tekst.

1-åringen

Kjenner namnet sitt

Gjer uttrykk for egne ynskje

Bruker lyder aktivt

Gjenkjenner/peiker på kjente ting og bilder

Kjenner igjen kjente sanger

2-åringen

Viser interesse for bøker

Bruker 2-3 ordsetningar

Kjenner namnet på daglegdagse gjenstander

Følgjer enkel instruksjon

Kjenner enkle eventyr

Bruker språket aktivt i samsnel

3-åringen

Gjer uttrykk for egne ynskje ved å bruka språket

Kjenner ulike eventyr og fortellinga

Kjenner ulike sanger, rim og regler

Har forståeleg uttale

Lytter til høgtlesing

Bruker språket aktivt for å fortelje

4- åringen

Lytter til kva andre seier

Fortel ei historie med ein viss samanheng

Kan seia dei fleste fargenamna

Kjenner begrep som i, over, under, inne, ute, bak, framme, ved siden av

Lytter til høgtlesing og forstår innhaldet

5- åringen

Tar imot og følgjer instruksjonar

Hugsar og kan gjenfortelja historier og opplevingar

Kan ulike sanger, rim og regler

Kan skrive navnet sitt

Viser interesse for bokstaver og tal

Kan klappe rytmen i eit ord

Progresjonsplan for kropp, bevegelse og helse

1-åringen

Gode rutiner for ein kvil, soving og aktivitet
Små turer i og utenfor barnehagen
Får erfaring med å smake ulike typar mat
Leik
Handvask

2-åringen

Øver på, av og påkledning
Opplever meistring ved å bruke kroppen i og utenfor barnehagen
Bruker uteområde og skogen vår heile året.
Bevegelses-sanger/leiker
Byrjande dotrening

3- åringen

Går turar i nærmiljøet, bruke uteområde og skogen aktivt heile året
Sanger, musikk med bevegelse
Erfaringar med årstidene og kva påkledning me bør ha.
Blir kjent med kroppen vår

Brukar blyant/malepensel/saks aktivt

4-åringen

Går lengre turar for å få utfordringar og opplevingar
Blir kjent med kroppen vår
Bevisstgjera borna om eit sunt kosthald
Vidareutvikler grovmotoriske og finmotoriske ferdigheter

5- åringen

Utvikler eit positivt sjølvbilde bl.a gjennom kroppsleg meistring.
Får eit godt blyantgrep
Beveger seg fritt i ulendt terreng
Kler på seg sjølv.
Kunne, hoppe, hinke, balansere, klatre, kaste ball...
Hygiene, på do aleine, handvask

Progresjonsplan for kunst, kultur og kreativitet

1-åringen

Opplever skaparglede og får erfaring med ulike typer materiell, som modellkitt, maling og liknande. Får erfaring gjennom dei ulike sansane – sjå, smake, føle.

2-åringen

Blir kjent med ulike materiele og uttrykksformer ved å bruke, dans, drama, forming og musikk. Øver på å bruke dei ulike sansane.

3-åringen

Uttrykker seg gjennom ulike formingsaktiviteter, kultur, song, musikk, dans og drama. Blir kjent med ulike måter å uttrykke seg på-

4- åringen

Uttrykkjer seg gjennom ulike formingsaktiviteter, kultur, song, musikk, dans og drama. Bruker naturen til å finne materiale til kunstuttrykk. Blir kjent med ulike uttrykksformer, ved å sjå, spele, leike teater-

5- åringen

Får uttrykke seg ved å dramatisere eventyr, lage bilete, danse og drama. Blir kjent med folkeeventyr og sanger.

Progresjonsplan for natur, miljø og teknikk

1-åringen

Får utforske barnehagen både inne og ute.
Lar borna få god *tid* til å ta på, undre seg, lukte og smake.
Korte turar utanfor barnehagen.

2-åringen

Blir kjent med ulike naturmateriale.
Går korte turar i barnehagens nærmiljø, gapahuken, til ein fjøs og liknande-
Blir kjent med dei ulike årstidene, ved å finna/sjå ting som endrar seg i naturen.

3- åringen

Går turar i barnehagen sitt nærmiljø.
Utforsker naturen gjennom leik og aktivitet.
Finner forskjell på årstidene ved å sjå på naturen, sjå på insekter, lauv, dyrespor og liknande-
Får erfaring med ulike konstruksjonsmateriale som sand/snø , lego...

4-åringen

Blir bevisst forhold til søppel.
Får gode erfaringar med friluftsliv.
Setjer poteter, og fylgjer med på kva som skjer.
Blir kjent med kor maten kjem frå.
Blir kjent med dei ulike årstidene-
Får erfaring med ulike materiale.

5- åringen

Kildesortering
Får gode erfaringamed friluftsliv, og utvikle glede ved å vera ute.
Sår frø, setje poteter, og fylgje utviklinga.
Blir kjent med kor maten kjem frå.
Blir kjent med de ulike årstidene.
Får erfaring med ulike konstruksjonsmaterialer.

Progresjonsplan for etikk, religion og filosofi

1-åringen

Barnet skal få hjelp til å setja ord på sine opplevinga og følelsar.

Delta på feiring av høgtider og tradisjoner.

Gjer rom for lek og samspel, som skjer gjennom blikk, mimikk og kropp.

2-åringen

Borna skal få hjelp til å setja ord på opplevingar og følelsar.

Delta på feiring av høgtider og tradisjoner.

Øver på lek og samspel med fokus på å dele, turtaking og omsyn til andre born.

3- åringen

Vidareutvikle barnet sin sosiale kompetanse, med fokus på sjølvkontroll, sjølvhevdning og medfølelse.

Får kjennskap til ulike høgtider og tradisjoner.

Får reflektere og undre seg saman med andre born og vaksne.

4- åringen

Øver på god kommunikasjon.

Konfliktløsning.

Får kjennskap til ulike høgtider og tradisjoner.

Får reflektere og undre seg saman med andre born og vaksne.

5- åringen

Vidareutvikler barnet sitt sosiale kompetanse som sjølvkontroll, sjølvhevdning og empati

Øver på god kommunikasjon i konfliktløsning.

Har god kjennskap til normer og regler i barnehagen.

Har kjennskap til kvifor me feirer jul, påske...

Progresjonsplan for tal, rom og form.

1-åringen

Erfarer og forstår dagsrytmen.
Leiker med klosser, bokser, ball og liknande.
"Titt tei" leik.
Putter oppi og tar utav(puttekatte) (puttekatte)
Orienterer seg innendørs

2-åringen

Leiker med å plassere ting oppå, under...
Telje med borna.
Sorterer leiker.
Leiker med forskjellen mellom, liten og stor, 1 og 2 og liknande.
Øver på å utføre enkle instruksjonar
Få kjennskap til ulike former.

3- åringen

Får kjennskap til fargane
Finner like og ulike.
Får utforske og leike med tall og mengde.
Øver på turtaking ved enkle spel.
Får utforske ulike former og størrelsar gjennom leik med ulike materiale.

4- åringen

Øver på turtaking gjennom spel og leik
Kan sortere etter farger og mønster
Utfører ein beskje etter instruks.
Får kjennskap til dager, tid, månader..
Får kjennskap til tal og mengde

5- åringen

Lærer namna på ulike former, sirkel, kvadrat..omgrep
Kan fylgje reglar i ulike spel, regelleiker, sangleiker..
Kan preposisjonar som; over, under, ved sida av og liknande
Får kjennskap til dager/tid/månader..
Kan telja til 10

SOSIAL KOMPETANSE GJENNOM LEIK

Rammeplanen:

«Sosial kompetanse» handlar om å kunna samhandla positivt med andre i ulike situasjonar. Barn uttrykkjer og tileignar seg denne kompetansen i samspel med kvarandre og med dei vaksne. Sosial kompetanse blir utvikla kontinuerlig gjennom handlingar og opplevingar.

«Eit aktivt og tydeleg personale er nødvendig for å skape eit varmt og inkluderande sosialt miljø. Rosande og støttande relasjonar er eit grunnlag for å utvikle sosial kompetanse.»

Oppvekstplanen i Fusa kommune utviklingsmål 3. 2017-2020

Fusa kommune skal levera treffsikre tenester med god kvalitet og effektiv ressursbruk.

Leik skal vektleggjast og bli brukt for at barna skal utvikla sosial kompetanse.

Barnehagane skal ha gode og trygge læringsmiljø og høg trivsel.

Verdisettet ROMSLEG vert brukt hos oss.

Barna skal få erfaring med alle fagområda i barnehagen.

Mål for Eining barnehage 2017

Vi er lærande medarbeidarar som tileigner oss den kunnskapen vi treng for å utvikla barna sin sosiale kompetanse gjennom leik

Slik gjer me det i Holmefjord barnehage:

- Viktigheten av leik skal inn igjen i kvardagen til barna
- Personalet skal vera aktive i barna sin leik
- Me hjelper barna inn i leik og samhandling med dei andre
- Me skal ha fokus på at barna lærer gjennom leik
- Organiseringa i barnehagen, Baser, grupper, stasjonsleik skal vera med på å gje trygge rammer
- Den vaksne skal vera ein god rollemodell , ved å vise, støtte og veilede/retteleie
- Prøva å snu negativ åtferd, til positiv åtferd. Vera i forkant
- Me viser respekt for barna og kvarandre
- Me bruker bl a kartleggingsverktøyet «Alle med» i forkant av foreldresamtaler.



SPRÅKUTVIKLING

Rammeplanen:

«Tidleg og god språkutvikling er ein viktig del av barnehageinnhaldet

Å samtale om opplevingar, tanker og kjensler er nødvendig for å utvikle eit rikt språk. Tekst omfattar både skriftlege og munnlege forteljingar, poesi, dikt, rim, reglar og songar. Viktige sider ved kulturoverføringa er knytte til kommunikasjon, språk og tekst»

Oppvekstplanen i Fusa kommune utviklingsmål 3.2. 2017-2020

Fusa kommune skal levera treffsikre tenester med god kvalitet og effektiv ressursbruk.

1. Årsplanen skal innehalde strategiar for arbeid med språkstimulering
2. Barna utviklar språk og kommunikasjonsevne i vid forstand.
3. Personalet er bevisst si rolle i forhold til stimulering av barnet si språkutvikling
- 4 Barnehagen legg til rette for at framandspråklige barn blir inkludert i lek og samspel og får språkstimulering

Mål for Eining barnehage 2017

Alle barn har forventna progresjon i si språkutvikling, og vi nyttar PULS i arbeidet.

Slik gjer me det i Holmefjord barnehage:

- PULS blir systematisk brukt i arbeidet med språkstimulering.
- Den vaksne må vera bevisst rolla si og vera gode rollemodellar – snakke i fullstendige setningar, sjå og tolke.»Les» barnet sitt språk.
- Me har teikn til tale som språk i barnehagen
- Me må vera lydhøyr for kva barnet vil seia – og la dei snakke ferdig
- Gjenta rett det barnet vil seia
- Me bruker språket aktivt i kvardagen (leik, stell, måltid...)
- Les bøker, samlingsstund, sangstunder
- Bruke kartleggingsverktøyet «Alle med», og «Tras» til observasjon og vurdering
- Me samarbeider med foreldra ved dagleg kontakt og i foreldresamtaler
- Me samarbeider med biblioteket – «bokkasse»
- Me etablerer språkgrupper rundt barn som treng det



